
Saksnr: 2023/882-11
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 07.02.2023

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren i Vestland

Vestlandsrådet som synleg påverknadsaktør? - handsaming i møte i AU, 02.02.23.

På møte i Vestlandsrådet AU, 02.02.23, vart det det lagt fram følgjande notat til handsaming;

«Vestlandsrådet som ein synleg påverknadsaktør?»

Dette notatet er meint som ein liten opptakt til ein diskusjon om konkretisering av praktisk politisk påverknadsarbeid i regi av Vestlandsrådet.

I hovudsak har Vestlandsrådet som folkevald organ to funksjonar;

- Bidra til overordna strategisk retning, kunnskapsdeling, koordinering og mobilisering på utpeikte politikkområder på tvers av fylkesgrensene
- Hevde Vestlandet sine interesser inn i relevante politiske prosessar i det sentrale beslutningsmiljøet i regjeringsapparatet og Stortinget.

Utarbeiding av næringsstrategien er eit døme på aktivitet i første kulepkt. I forsettelesen kan ein her og tenke seg at Vestlandsrådet står for utarbeiding av ein overordna transportplan for Vestlandet, som bidrag til fylkeskommunane sine innspel til Nasjonal transportplan 2025-2036.

Det andre kulepunktet er krevande både med tanke på ressursbruk og arbeidsmåte, men det er her Vestlandsrådet kanskje har eit uforløyyst potensiale som folkevald organ for ein vekstkraftig og folkerik region. Vestlandsrådet er ei stemme som nasjonalt vil bli lytta til.

Arbeidsutvalet er tenkt som eit operativ organ for Vestlandsrådet, og det er derfor aktuelt for AU å drøfte rammer og ressursbruk for å sikre at Vestlandsrådet vert ein synleg aktør blant sentrale beslutningaktørar i nasjonale politiske prosessar.

Våren 2023

Med eit kort sveip er det mulig å identifisere politiske prosessar som kan vere aktuelle for Vestlandsrådet å engasjere seg i våren 2023. Andre prosessar krev litt meir inngåande søk i ulike departement.

- Kommuneøkonomiproposisjonen
- Revidert nasjonalbudsjett
- Nasjonal transportplan 2025-2036

- Pågåande arbeid med st.meld i ulike departement

Mulige arbeidsmåtar/ressursbruk

For å sikre synlegheit, god kommunikasjon og kunnskapsdeling inn mot sentral beslutningstakarar kan det nyttast fleire tiltak og virkemiddel som m.a;

- Fysiske møter/digitale møter med politisk leiing i relevante departement
- Fysiske møter/digitale møter med stortingsrepresentantar frå Vestlandet
- Fysiske møter/digitale møter med parlamentariske leiarar på Stortinget
- Delta i komitehøyringar på Stortinget
- Invitere utpeikte gjester/deltakarar til Vestlandsarrangement i Oslo
- Skrivning av kronikk i media
- Pressemeldingar

Dette er eit utval av tiltak og aktivitetar som på kvar sin måte vil kunne bidra til å gjere Vestlandsrådet meir synleg som påverknadsaktør, men som og vil utfordre arbeidsutvalet på ressurs- og tidsbruk.

Behov for tidleg avklaring

For å arbeide aktivt med denne type tiltak og aktivitetar vil det vere nødvendig med ei avklaring i god tid i forkant av gjennomføring. Dette vil omfatte både konkrete tiltak og forpliktande ressurs- og tidsbruk.»

Handsaming i AU, 02.02.23

Arbeidsutvalet tilrår følgjande;

«For å synleggjere arbeidet i Vestlandsrådet går arbeidsutvalet ikkje inn for at det vert lagt opp til eigne møter/arrangement i regi av Vestlandsrådet med representantar for regjeringsapparatet/Stortinget. Arbeidsutvalet legg til grunn at Vestlandsrådet vert synleggjort gjennom høyringsuttalar, kronikkar, pressemeldingar o.l.»